

# BARNA OG SKULEN TRENG DEG!



## Heimen er viktig for læring på skulen

### Leik og lær saman med barnet ditt

- Støtta di betyr meir for barnet enn lærarane gjer.
- Du er den som veit mest om barnet ditt og korleis det lærer nye ting. Bruk det!
- Du kan sitje saman med barnet ditt når det gjer lekser, også når du ikkje forstår alt. Spør barnet om kva det les.
- Du kan snakke med barna om kva dei har opplevd eller lært på skulen.
- Delta på foreldremøte for å vise barnet ditt at du er engasjert i skulen.
- Ver ein god rollemodell – vis at du les og lærer nye ting.

## Skap lærelyst hos barnet ditt

### – nysgjerrige barn er ofte meir motiverte for å lære

- Svar på spørsmål som barna stiller – finn svar saman.
- Gi ros når barna stiller spørsmål og finn svar sjøve.
- Vis at nysgjerrighet er bra, ved å stille spørsmål til barna.

[www.fug.no](http://www.fug.no)

gir deg eit foreldreperspektiv  
på aktuelle skulepolitiske saker

### Visste du at

- det står i lovverket at foreldra har hovudansvaret for å oppdra barna, og derfor også har medansvar i skulen?
- alle foreldre har rett til å medverke i skulen?
- du kan påverke skulegangen til barna gjennom foreldrerådet, som foreldrekontakt, som medlem av foreldrearbeidsutvalet (FAU) og i samarbeidsutvalet (SU), eventuelt driftsstyret?
- skulen skal gi alle elevar tilpassa opplæring?
- elevar i grunnskulen som ikkje kan følge den vanlege opplæringa i skulen, har rett til morsmålsopplæring og særskild norskopplæring?
- elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære tilbodet, har rett til spesialundervisning? (Foreldra må søkje om det, med hjelp frå skulen.)
- det skal leggjast vekt på samarbeid med foreldra om opplæringstilbodet?

### Gi barna fleire ord

- Ta barna med til biblioteket og snakk med dei om kva ting heiter, på det språket du kan best.
- Les og fortel historier på det språket du kan best.
- Bruk ord som barna allereie kan, i nye situasjonar. Gi orda ny mening.

## Barn lærer forskjellig

### Nokre barn lærer best ved

- å sjå deg gjere det same
- å sjå på bilete
- å høyre historier eller bli leste høgt for
- å ta på ting og skrible
- å røre på heile kroppen

Korleis lærer ditt barn?

Det er viktig at foreldra engasjerer seg i læringa til barna og deltek på konferansetimar, foreldremøte og andre aktivitetar på skulen. Når foreldra blir kjende med læraren og andre foreldre, blir det eit betre læringsmiljø for barna. Når foreldra engasjerer seg

- blir det skapt eit sterkare nettverk, og foreldra kan støtte og hjelpe kvarandre
- kan ein samarbeide om felles reglar for barna
- blir det betre sosialt miljø på skulen, med mindre mobbing, mindre bråk og betre trivsel
- får barna mindre fråvær og blir meir aktive på skulen
- får lærarane betre kunnskap om det enkelte barnet og kan gi betre oppfølging
- får barna betre faglege resultat
- fullfører fleire vidaregåande skule og tek høgare utdanning

## www.fug.no

er ei teneste frå Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)

Her finn du

- tips om korleis du kan bidra i læringa til barnet ditt og engasjere deg i skulen
- nyheiter og gode døme på samarbeid mellom heim og skule
- materiell og gode råd for foreldrekontaktar og medlemmer i FAU og SU
- eigne sider for minoritetsspråklege foreldre
- nyttige lenkjer til andre nettsider om barn, skule og læring

**Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit nasjonalt utval for og med foreldre som har barn i skulen.**

### FUG er opptekne av:

Heim-skule-samarbeid

- Å vareta interessene til foreldra i skulesamanheng
- Å gi kunnskap om korleis eit heim-skule-samarbeid fungerer
- Å gi kunnskap om korleis foreldra kan støtte barna sine
- Å setje dagsorden og støtte foreldra når det gjeld sentrale tema som inneklima, mobbing, foreldremøte, skulearbeid o.a.

**www.fug.no** – ein nettressurs for foreldre med barn i skulen

Foreldreutvalet for grunnopplæringa © FUG 2010

